

# **Prosjektbeskrivelse: «lytting, læring og vekst»**

## **Bakgrunn og Mål**

I mai 2017 kom Eikanger Bjørsvik heim som Europamestere for brass band. Vinnarane vart feira med eigen festkonsert kor Skodvin delte scene med Eikanger Bjørsvik: *“The concert saw the band perform the last couple of movements from their European own-choice selection of 'Fraternity', whilst they also shared the stage with the local school band from Skodvin, conducted by former Eikanger principal cornet player Henning Anundsen. To emphasise the importance of brass band tuition in local schools it was revealed that the small school of just 70 pupils has already produced no less than eight European Champions with Eikanger-Bjørsvik and one with Manger Musikklag.” (fra nettstaden 4barrest)*

Skodvin Skulemusikk har gjennom sine over 40 år tatt del i ei musikalsk «eventyrreise» i Nordhordland. Med stor inspirasjon og lytting til brassbandmiljø og sterke enkeltpersoner frå England har Nordhordland sitt korpsmiljø vorte eit av dei fremste i Europa.

Hovedmålsetninga med vårt prosjekt Lytting, læring og vekst er delt i to konkrete delmål:

1. å bidra til fortsatt lytting, læring og vekst
2. å takke for at me har fått vore ein del av ei unik reisa.

Skodvin Skulemusikk ønsker derfor med dette å søke støtte til si sitt prosjekt «lytting, læring og vekst» 2017/2018.

## **Innhald:**

Prosjektet består av fem ulike utviklingstiltak. Alle tiltaka skal gjennomførast i forkant av vår jubileumstur til Manchester og brassband miljøet i England sommaren 2018. Under følgjer ei utdyping av innhald og mål med kvart tiltak:

1. Utvikling av turne – og konsertreportuar (korps, solister og ensemblekonsert) samt eige jubileumsverk som er utvikla som ein hyllest og beskrivelse av utvikling av brassmiljø Nordhordland frå 1976 og fram til i dag. Me vil med dette formidla gjennom ei musikalsk gåve den fantastiske reisen me har fått og tar del i. Slik er vår målsetning å framføre vårt nyskrivne stykke på jubileumsturneen. Stykket skal formidle ei unik historiefortelling om korleis brassband miljøet i England har utvikla Nordhordland, og korleis Nordhordland no framstår med sitt unike uttrykk basert på den identitet og kultur me har utvikla saman gjennom evna til lytting, læring og vekst.
2. Gruppeundervisning med instruktør. Annakvar veke instruksjon med instruktør fram til 23.06.18, inntil 10 gonger.

3. Ei øvingshelg med medlemmer frå Eikanger Bjørsvik. Fokus på solist, ensemble og korps.

Målet med tiltak 2 og 3 er å auka musikkglede ved unik utvikling av den enkelte musikanter, samt gje musikantene erfaring med andre typer repertoar (solist og ensemble) som vil gje auka motivasjon, mestring og verdi for samspelet i korpset.

4. Konsertserien – lytt og lær – der me inviterer amatørkorps og skulekorps i nærområdet til samkonsertar med fokus på deling av musikkglede og inspirasjon til egenøving og samspel.
5. Programmet «du inspirer!» - utvikling av gruppeleiarar som rollemodeller. Samlinger med gruppeledere. Samtaler/refleksjon og klargjering av rolla som gruppeleder.

### **Planlagt finansiering**

Total kostnad på dette kompetansehevande prosjektet er kroner: 150000. Prosjektet må finansierast gjennom tildeling av støtte frå eksterne samarbeidspartnarar.

Me søker om 50000 kr, sjå vedlagt budsjett og regnskap for detaljer kring støtte motteke per dags dato.

### **Forventa effekt**

Målet med prosjektet Lytting, læring og vekst er todelt:

1. å bidra til fortsatt lytting, læring og vekst
2. å takke for at me har fått vore ein del av ei unik reisa

Forventa effekt av dette er auka motivasjon, kompetanse og mestring hjå kvar enskild musikanter og korpset som heilhet. Samtidig vil tingsverket kunne nyttast til å formidle ei viktig historie og ei viktig nåtid og framtid for brass banda i Noreg. Prosjektet og musikkverket synleggjer viktige element for å lykkast med fortsatt utvikling, gjennom evna til lytting, og læring – og med ambisjonar om fortsatt vekst basert på kjærleik til vår felles historie – og med draumar for framtida. Slik kan vårt prosjekt nyttast til både å formidle ei viktig historie og setje fokus på kvifor ein har lykkast og kan lykkast vidare som enskild musikanter, korps og brass band region/nasjon. Skodvin kan sjølvstekt samarbeide med NMF for å synleggjere og formidle dette i ulike kanaler i jubileumsåret 2018.

### **Plan for evaluering**

1. å bidra til fortsatt lytting, læring og vekst. Delmål evaluert gjennom feedback frå musikantar, instruktører, dirigent og dommerkommentarer.
2. å takke for at me har fått vore ein del av ei unik reisa. Delmål evaluert gjennom tining av verk, og urframført juni England og Noreg , NM for skulekorps Bergen juni 2018.